

Eidsvik i samarbeid om storkontrakt

23.01.2009



Svein Arne Eidsvik og Tom Jensen er glade for samarbeidet. (Foto: Kvinnheringen)

Bergen Group Intech på Opsanger skal i samarbeid med Eidsvik Skipsbyggeri i Uskedalen byggja ein spesiallektre. Kontrakten har ein verdi på nærmare 4,9 millionar euro eller 50 millionar kronar, melder Kvinnheringen.

Kontrakten er gjort med det tyske selskapet N.A. Energy og gjeld byggjing og utrusting av lekteren som er på 33 X 14 meter og som skal brukast til vedlikehald av oljeleidningar i Middelhavet. Der skal den erstatta ein liknande lekter som vart bygd i 1967.

Lekteren skal utstyrast med ei kran med ein løftekapasitet på 80 tonn og blir i tillegg også utstyrt som dykkarfartøy.

Planleggjringa er i gang på Opsanger medan den fysiske delen av jobben startar 1. februar. Det meste av byggearbeidet skal gå føre seg hos Eidsvik og lekteren skal vera ferdig innan 1. oktober. Arbeidet vil på det meste beskjæftiga 35 personar. Lekteren skal setjast saman i Uskedalen.

Han er lang og planen er først å byggja halve lengda i den største hallen i skipsbyggeriet. Deretter skuvar ein denne delen ut og byggjar også siste halvdelen innomhus. Målet er å løfta skroget på sjøen i juli og så fullføra arbeidet ved kai.

På det jamne vil oppdraget sysselsetja rundt 20 mann omlag likt fordelt på dei to samarbeidspartnerane. Dagleg leiari Svein Arne Eidsvik held fram at slik oppdragsmengda varierer for tida må dei bli flinkare til å samarbeida tett.

Bergen Group Intech hører til eit stort konsern, men det var ikkje kapasitet ved dei andre avdelingane og då tenkte dei straks på Eidsvik.

Svein Arne Eidsvik er glad for samarbeidet. Det hjelper på sysselsettjinga medan dei venter på det mykje omtala skroget frå Tyrkia som framleis står i fjoresteinane etter slepinga som mislukkast i fjor haust. Det må reparerast i Tyrkia før den vidare ferd mot Noreg og Uskedalen.

Trass i uhellet har Eidsvik for tida heile staben på 54 mann i arbeid. Nokre driv med davit- og stålkonstruksjonar i Uskedalen medan andre er utleigde til Hellesøy, Fjellstrand og Bergen Group på Opsanger og i Høylandsbygd.